

2 Språkkontakt og språkendring

Språkkontakt oppstår når det vert nytta fleire enn eit språk på same stad og på same tid (sjå Thomason 2001: 1). Når ein undersøker språkkontaktssituasjonar, er det likevel oftast ein litt utvida definisjon av språkkontakt ein legg til grunn. Det er sjeldan at forskarar er interesserte i språklege fenomen som er resultat av berre tilfeldige og yttarst kortvarige kontaktar. Det ein oftast er ute etter, er å seia noko om prosessane bak og utviklinga av resultatata av langvarige språkkontaktar. Ein reknar til vanleg med tre typar resultat av språkkontakt over lang tid (sjå Thomason 2001: 10): språkending ("language change"), språkblanding ("language mixture") og språkdød ("language death").

Det mest vanlege utfallet av språkkontakt er at nokre av eller alle dei involverte språka endrar seg. Som regel vil vi kunna sjå innbyrdes påverknad mellom språka i kontakt. Påverknaden kan skje på alle dei språklege plana. Eit typisk døme er endringar i ordtilfanget, som t.d. då mange (låg)tyiske lånord kom inn i det norske språket i seinmellomalderen (jf. Almenningen m.f. 2002: 41). Men også strukturell påverknad er mogleg. Til dømes nemner Thomason (2001: 11) at finsk har skifta leddstilling frå typisk uralsk SOV til SVO under påverknad frå dei indoeuropeiske grannespråka. Oftast er det slik at det eine språket over større innverknad enn det/dei andre. Dette avspeglar normalt dei sosioøkonomiske tilhøva i språksamfunnet. Intenst press frå den dominerande samfunnsgruppa vil ofte føra til språkskifte. (Thomason 2001: 9) Termen *språkskifte* refererer til den prosessen der eit språk sluttar å vera morsmål til ei gruppe språkbrukarar, og eit anna språk tek over som førstespråk (sjå Røyneland 2003: 60). Røyneland (2003: 61) oppsummerer prosessen som går føre seg under eit typisk språkskifte slik:

Skifte inneber ofte at minoritetsspråket blir [sic.] meir og meir påverka av majoritetsspråket gjennom gradvis assimilasjon, slik at det til slutt kanskje berre vert [sic.] reflektert som eit substrat i majoritetsspråket.

Årsakene til språkskifte er gjerne mange og innfløkte. Hyltenstam & Stroud (1991: 77–113) grupperer dei innverkande faktorane i høve til om dei gjeld relasjonen mellom minoritet og majoritet i samfunnet (faktorar på samfunnsnivå), om dei vedkjem tilhøve innom minoriteten (faktorar på gruppenivå), eller om dei skriv seg frå åtferd og haldningar til dei individuelle språkbrukarane (faktorar på individnivå). Ein språkskifteprosess går som regel gradvis føre seg. Normalt mistar språket fleire og fleire av dei opphavlege domena sine, slik at det vert brukt i stadig færre samanhengar, og alt fleire folk skiftar språk i desse domena. Etter fullført språkskifte er det dominerende språket fortrent frå alle bruksområda. Utviklinga frå denne prosessen kjem i gang til den er avslutta, tek minst tre generasjonar og inneber oftast ein mellomperiode med fleirspråklegheit blant medlemmene i minoritetsgruppa. Eit vanleg mønster er at majoritetsspråket tek over dei offisielle og prestisjefulle domena, medan minoritetsspråket framleis vert nytta i heimen og i privat samkvem. (Jf. Røyneland 2003: 63.) Einar Haugen har sett opp denne modellen for språkskifteprosessen (Haugen 1953: 370f. og Røyneland 2003: 64):

Fase I: A → Fase II: Ab → Fase III: AB → Fase IV: aB → Fase V: B

I modellen står A/a for minoritetsspråket, medan B/b symboliserer majoritetsspråket. Fase I representerer situasjonen før språkskifteprosessen har teke til. I denne perioden finn vi normalt ikkje nokon intens kontakt mellom dei (to) involverte språkkulturene. Medlemmene i minoritetsgruppa er einspråklege med kompetanse berre i minoritetsspråket. I fase II meistrar språkbrukarane framleis minoritetsspråket fullt ut, men i tillegg har dei ein

Hilde Sollid. *Dialektsyntaks i Nordreisa: Språkdannelse og stabilisering i møtet mellom kvensk og norsk*. Upublisert doktorgradsavhandling: xv + 309 s. Universitetet i Tromsø 2003.

Melding ved Philipp Conzett

I Innleiing

I ei årtrekkje har forskingsmiljøet ved Universitetet i Tromsø sett fokus på det kulturelle mangfaldet som har oppstått i Nord-Noreg som følge av møtet mellom det kvenske, det norske og det samiske. Denne forskingsstradisjonen har etter kvart ført til ein god del vitenskaplege arbeid innanfor ulike fag. Seinast hausten 2003 var vi så heldige å få presentert eit nytt arbeid på dette området: Den 7. oktober 2003 disputerte Hilde Sollid for graden doctor artium på avhandlinga *Dialektsyntaks i Nordreisa: Språkdannelse og stabilisering i møtet mellom kvensk og norsk*.

Som det går fram av tittelen, handlar avhandlinga om korleis ein ny norsk dialekt vart til og utvikla seg i eit språkkontaktområde i Nord-Noreg. Utgreiinga er eit solid verk, og det at Sollid har teke på seg denne oppgåva, er svært gledeleg på mange måtar. Avhandlingar og forskingsobjekt. For det fyrste gjer ho tydeleg at påverknaden i møtet mellom det norske språket på den eine sida og dei finsk-ugriske språka på hi ikkje berre har skjedd i ei lei. Trass i at språkkontakten på mange stader har leidd til eit språkskifte til norsk, finst det i dei nye norske dialektane framleis spor etter dei opphavlege finsk-ugriske varietetane. For det andre ber Sollid fram den rolla det kvenske minoritetssamfunnet har spela i utforminga av det fleirkulturelle Nord-Noreg. Eg tek det som eit teikn på at det på nasjonalt hald vert satsa ytterlegare på den kvenske minoriteten, som dei seinaste tiåra diverre har hanna litt i skuggen av det samiske urfolket. For det tredje har doktoranden valt eit emne innanfor norsk språkvitskap som til no har vorte lite utforska, nemleg dialektsyntaks. For det fjerde skil avhandlinga til Sollid seg ut frå tidlegare forskning ved ei langt meir teoretisk vinkling, og ved at ho freistar å forklara dei observerte ovringane. I dei tidlegare undersøkingane på feltet har ein – med nokre få unntak – fyrst og fremst vore oppteken av å skildra og klassifisera data.

Eg vonar at eg i desse innleiande merknadene har greidd å plassera arbeidet til Sollid innanfor ei større ramme ved å framheva dei utvilsamt positive trekkka ved og kringprosjektet hennar. I ei bokmelding som denne fell det likevel naturleg å peika på moglege veikskapar ved avhandlinga. Prosjektet bør sjølvsagt vurderast på sine egne premissar, men eg skal og tillata meg å setja fingeren på nokre meir generelle punkt når eg tykkjer at det er naudsynt. For eg går over til dei kritiske kommentarane i kapittel 4, 5 og 6, skal eg i kapittel 2 gje ei stutt innføring i dei to sentrale teoriområda som ligg til grunn for det teoretiske rammeverket til avhandlinga: språkkontakt og språkending. Deretter følgjer i kapittel 3 eit oversyn over innhaldet og disposisjonen i avhandlinga.

viss kompetanse i majoritetsspråket. Kontakten med storsamfunnet aukar, og minoritetsmedlemmen kjenner eit visst press til å skaffe seg kunnskapar i majoritetsspråket. Dette presset frå samfunnsgruppa som står i maktposisjon, aukar ut over i fase III og IV. Fase V markerer at språkskiftet er gjennomført. Denne modellen er forenkla, og dei ulike fasane vil som sagt fordela seg over minst tre generasjonar. Dersom minoritetsspråket etter fullført språkskifte sluttar å eksistera, snakkar vi om språkdød. Dette er tilfellet når det involverte språksamfunnet var det siste som brukte vedkomande språk. (Jf. Røyneland 2003: 60.) I Nord-Noreg har både kvensk og samisk vore råka av press frå det norske majoritetsspråket. På mange stader er språkskifteprosessen avslutta. Men dei seinaste tiåra har vi og vore vitne til positive utviklingar der ein har klart å snu prosessen (sjå t.d. Huss 1999). Eit anna interessant aspekt ved brytinga mellom dei tre nemnde språka i Nord-Noreg er at ho har late etter seg ein del kvensk og samiske substrattrekk i dei nordnorske målføra i dei aktuelle områda (Røyneland 2003: 68). Det er slike substratfenomen Sollid tek utgangspunkt i, når ho drøftar korleis den nye norske dialekten i Nordreisa har oppstått og utvikla seg. Dei nye norske dialektane i språkkontaktområde har lenge vore forsømde innanfor tradisjonell norsk dialektologi. Arbeidet til Sollid er difor eit viktig steg mot ei meir fullstendig beskriving av dei norske målføra.

Forfattaren forklarar oppkomsten av den nye språkvarietetet med hjelp av m.a. teoriar frå kreolspråkforskning. Kreolspråk har oftast utvikla seg frå såkalla pidginspråk. Eit pidginspråk oppstår når folk med ulike morsmål møtest og har trong til eit felles språk. Dette nye språket er vanlegvis bygd opp på grunnlag av dei involverte morsmåla. I ein asymmetrisk kontaktsituasjon vert broparten av leksikonet henta frå språket til samfunnsgruppa i maktposisjon (superstratspråket), medan morsmålet til den sosialt underlegne gruppa (substratspråket) øver mest innverknad på det strukturelle planet. (Røyneland 2003: 54f.) Ved langvarig samferdsle kan eit pidginspråk utvikla seg til eit meir naturleg språk. Framvoksteren av eit slikt kreolspråk får eit meir utvida ordforråd, fleire varierte setningstypar og større stilistisk variasjon enn pidginspråka. Det viktigaste skiljet mellom pidgin og kreol er at eit kreolspråk er morsmål for nye generasjonar. Dersom kreolbrukarane har tilstrekkeleg tilgang til superstratspråket, kan kreolspråket nærma seg meir og meir dette dominerande språket. Denne prosessen vert referert til som avkreolisering. Det særmerkte ved dei nemnde prosessane er at det finst stor variasjon i talemålet til folk, slik at språksamfunnet står fram som diffus. Etter kvart stabiliserer språkssystemet seg, og resultatet er anten eit pidginspråk, eit kreolspråk eller ein post-kreolvarietet med eit sett av konsoliderte språknormer. Eit slikt språksamfunn kallar vi for fokusert. (Røyneland 2003: 56.) Eit kjent eksempel på pidginspråk frå Nord-Noreg er russensorsk, som vart nytta som hjelpespråk mellom norske og russiske fiskarar og handelsmenn under pomorhandelen langs den norske ishavsysten frå midten av 1800-talet og fram til den fyrste verdskrigen.

3 Disposisjon og innhald i avhandlinga

Avhandlinga til Sollid er strukturert i fire delar forutan eit innleiande kapittel. I innleiinga presenterer forfattaren hovudmålet med arbeidet. Ho ynskjer å forklara oppkomsten og utviklinga av den nye dialekten i Sappen i Nordreisa med hjelp av teoriar om kreolspråk og språkmiljø (s. 1). Ho argumenterer for å skilja mellom ein danningssfase og ein stabiliseringsfase i den nye dialekten. Sollid tek utgangspunkt i dialektkontaktsaksen som innleid nokre særmerkte trekk som ho karakteriserer som truleg innverknad frå kvensk. Ho har valt å utforska fire setningstypar, og ho undersøker i kor stor grad dei vert vurderte som ein del av dialektkontaktsaksen i Sappen i dag. Dei fire konstruksjonane er (s. 1f.):

- (1) Setningar med vartande inversjon: *I gamledaga dem frakta veden med hest til veien.*
- (2) Setningar med uvanleg plassering av direkte objekt: *Han pappa kjørte med nybilten oss til skolen.*
- (3) Setningar med agenslekk mellom subjekt og verbal i passiv: *En hytte av dem blei bygd i skogen.*
- (4) Setningar med dobbel nekting med *ikke + aldri*: *Eg har ikke aldri smakt sånne brød.*

Forfattaren peiker på tre relevante aspektar ved nye nordnorske dialektar. Den fyrste handlar om dei sosialhistoriske tilhøva. Desse spørsmåla vert behandla i kapittel 3. Ein annan måte å sjå på fenomenet har sitt grunnlag i sosio- og psykologivistikken. Her refererer Sollid til Bull (1994) som bruker termen etnolekt i si utgreiing om den norske varietetet på Furufjæten. Men Sollid etterlyser eit tredje perspektiv som har fått litt merksemd i utforskninga av dei nordnorske språkkontaktialektane, nemleg det kognitive. På denne bakgrunnen formulerer Sollid den fyrste problemstillinga (sjå s. 2):

- (5) *På kva måte kan teoriar om språkmiljøering forklara syntaktiske trekk frå kvensk i den norske dialekten i Sappen i danningssfasen?*

Den andre problemstillinga har utspring i Jahr (1997: 943f.) som hevdar at finsk og samisk i liten grad har innverka på dei tradisjonelle nordnorske målføra. Sollid (sst.) framhevar at det er viktig å skilje mellom tradisjonelle og nye nordnorske dialektar. Den siste typen har oppstått i primært kvensk- og/eller samiskspråklige samfunn, og her går Sollid ut frå at vi finn mange språklege trekk etter danningssprosessen. Sjølv om ho jamfører prosessen med framvoksteren av kreolspråk, gjer ho og merksam på ulikskapane (sst.):

Men til forskjell fra kreolspråkdannelse på for eksempel Haiti, fikk språkbukererne i Sappen overvældene tilgang til *superstratumspråket* (norsk), mens *substratumspråket* (kvensk) på mange måter raskt ble minimalisert i samfunnet.

Den nye dialekten vart altså etter kvart meir og meir lik det nordnorske talemålet i området. Ut frå denne nivelleringsprosessen spør Sollid i den andre problemstillinga (sjå s. 3):

- (6) *På kva måte kan teoriar om utjamning og normendring skildra og forklara utviklinga av dialektkontaktsaksen i dialekten i Sappen i stabiliseringsfasen?*

Vidare drøftar forfattaren ulike omgrep som vert brukte i dialekt- og språkkontaktforskning (kap. 1.3). Ho gjev og ein allmenn introduksjon i dei kulturhistoriske bakgrunnane til den kvenske buseiingja i Nord-Noreg, og ho tek opp kvensk identitet og kvensk språk (kap. 1.4). I det nest siste underkapitlet (kap. 1.5) problematiserer Sollid det omstendte at ho forskar i sitt eige oppvekstmiljø. Innleiinga avsluttar med ein disposisjon over avhandlinga (kap. 1.6).

I del 1 er det i alt fem kapittel som presenterer bakgrunnen for undersøkinga. Fyrst får vi ei oppsummering av tidlegare forskning på nordnorske språkkontaktialektar, men forfattaren trekker og inn nokre arbeid om tilhøva i Nord-Sverige og om dei finlandssvenske dialektane (kap. 2).

Kapittel 3 gjev eit kronologisk oversyn over den sosialhistoriske utviklinga i Sappen frå den fyrste buseiingja og fram til i dag. Som på mange andre stader i Nord-Noreg har forskningspolitikken også i Sappen ført til språkskifte. Ein reknar med at språkskiftet i Sappen er gjennomført på 1940–50-talet (s. 31). Sollid går ut frå at dialekten til dei eldste i bygda framleis vitnar om den siste perioden i danningssfasen av den nye dialekten (s. 32).

I kapittel 4 vert vi kjende med det teoretiske rammeverket Sollid opererer imanfor. Fyrst drøftar ho Bulls teori om etnolekten på Furuflaten (kap. 4.2). Bull (m.a. 1994) argumenterer for at språkbrukarane under press frå storsamfunnet lagar ein slags nøytralitetsstrategi som går ut på at dei på den eine sida snakkar norsk men samstundes bevarer nokre trekk frå det opphavlege morsmålet, som er samisk (s. 53). Deretter utdypar doktoranden skiljet mellom danning- og stabiliseringsfase (kap. 4.3). Behandlinga av danningfasen bygger på teoriar om kreolspråksdanning (kap. 4.4) og andrespråksinnlæring (kap. 4.5), medan stabiliseringsfasen vert diskutert på basis av teoriar om språkendring (kap. 4.6).

I kapittel 5 tek Sollid føre seg innhaldet i termen *dialektsyntaks*. Ho følgjer stort sett framlegget til Sandøy (1994) og avgrensar dialektsyntaks frå talesyntaks. Medan den sistnemnde fokuserer på vanlege særtrekk ved setningsstrukturar i munnleg kommunikasjon, tek dialektsyntaksen sikte på å seia noko om normene som ligg til grunn for syntaksen i eit visst målføre.

I kapittel 6 gjer forfattaren greie for metodane ho har nytta. Ho grunnlegg m.a. bruken av spørjelister. I eit forprosjekt intervjuar Sollid ein mann frå bygda. Han fungerer som ein slags hovudinformant. I hovudprosjektet intervjuar ho 33 personar frå Sappen. Hovudspørjelista inneheld i alt 55 setningar fordelt på dei fire setningstypane (1)–(4). Dialektsetningane er valde ut på grunnlag av intervjuet frå forprosjektet. Dei er dels autentiske og dels konstruerte. I kvart sett av spørsmål finst det i tillegg til dialektsetningar ei standardsetning. Setningane vart opplesne for informantane. Med dette ynskter intervjuaren å redusera eventuelt skriftspråkspåverka. I same kapittel vert vi òg opplyste om prinsippa bak og inndelinga av informantutvalet. Heimelsfolka er plasserte i fire aldersgrupper. Dei yngste informantane er samla i aldersgruppe 1, medan dei eldste utgjer aldersgruppe 4. Forfattaren tek òg omsyn til språkkunnskapane til informantane og til kva for røynsler dei har hatt med norsk. Ho har òg gjennomført eit oppfølgingsintervju med informantane i hovudprosjektet. Dessutan forklarar ho dei statistiske generaliseringane som ho har nytta for å handsama resultatane. Hovudundersøkinga vert stødd av eit kontrollmateriale som inneheld to kontrollutval med informantar frå Nord-Troms. Dei fekk presentert ein korta versjon av hovudspørjelista. Kontrollmaterialet skal kunna kasta ljøs over kvar og når språkskiftet vart gjennomført, men det kan òg seia noko om i kva grad dei granske fenomenene er særigne for dialekten i Sappen.

Kapittel 7 utgjer del 2 i avhandlinga og tek føre seg danningfasen av den nye dialekten. Sollid er fyrst innom nokre allmenne observasjonar kring språkskifte og skaping av nye språkvarietetar (s. 127):

Språkkontaktstiasjonar som fører til språkskifte, er ein form for språkdannelse. Språkdannelsen skjer ved at voksne lærer seg et andrespråk, og denne andrespråksvarietetet utvikler seg til å bli det nye språket. I løpet av to generasjonar oppstår dette nye andrespråket i samfunnet. Det som faktisk dannes, er idiosynkratiske mellomspråk, som tjener som primærdata for senere generasjonar, sammen med eventuelt andre språklige data.

I dei følgjande underkapitla drøftar Sollid ein del av mekanismane som inngår i danningprosessen. Ho diskuterer særskilt transfer og fossilisering som moglege trekk i mellomspråket. Deretter går ho gjennom intervjuet frå forprosjektet (kap. 7.5). Ho gjev ei oversikt over kvenske transfertrekk i språket til hovudinformanten. Hovudvekta er lagd på dei syntaktiske særdragane, men lista dekkjer òg dei grammatiske kjernedisiplinane fonologi, leksikon og morfologi. I delkapittel 7.6 gjer doktoranden greie for kva prinsipp som ligg til grunn for utvalet av dei syntaktiske konstruksjonane. Hovudkriteriet var at dei skulle ha oppstått på grunn av møtet mellom kvensk og norsk. For å skilje ut dei aktuelle

setningane har Sollid difor gjennomført ein “enkel kontrastiv analyse av norsk og finsk” (s. 148). I tillegg diskuterer ho kort frekvensen til døma i det autentiske materialet. I underkapittel 7.7 vert setningane på spørjelista presenterte meir inngående. Setningstypane (1)–(4) er representerte ved i alt 55 setningar. Forfattaren opererer med fleire setningsgrupper innanfor kvar setningstype. Gruppene skil seg frå kvarandre ved at dei inneheld setningar med ulik struktur og kompleksitet på leknivå. På spørjelista er setningane vovne inn i ei rammehistorie, dvs. at dei inngår i ein større kontekst. Dette skal hjelpe informantane med å skjøna innhaldet i dei. Dei tre siste underkapitla handlar om resultatane frå intervjuane med aldersgruppe 4. Dei eldste informantane vurderer 76,2 % av dialektsetningane som “riktige” (s. 167). Sollid kommenterer og kvart intervju særskilt, og ho får ofte inntrykk av at informantane vurderer setningane på grunnlag av innhaldet heller enn den syntaktiske strukturen. Med andre ord godtek heimelsfolka konstruksjonane så lenge dei samtykkjer i innhaldet (s. 173).

Kapittel 8 tek føre seg stabiliseringsfasen og utgjer del 3 i avhandlinga. Sollid drøftar stabiliseringsprosessen med hjelp av ein teori om utjamning og normendring. Ho går ut frå at typiske transferprodukt frå den første danningfasen etter kvart vert jamna ut (s. 179). Hovudgrunnen er nok at tilgangen til språklige primærdata endrar seg i laupet av dei etterfølgjande generasjonane. Språkbrukarane internaliserer dermed eit anna sett av språknormer, og idiolekten deira vil variera frå idiolekten til foreldre og andre i språksamfunnet (s. 180). Sollid summerer opp prosessen slik (s. 182):

Utviklinga kan beskrives som en utjamningsprosess der transfertrekk fra dannelsesfasen går gjennom en forhandlingsfase. Språkbrukerne avgjør på grunnlag av primærdata hvilke trekk som internaliseres og hvilke som utjammes.

Resten av kapitlet bruker forfattaren til å analysere dataa frå hovudprosjektet. Ho gjer greie for i kva grad dei fire aldersgruppene oppfattar konstruksjonane som “riktige”, “tvilsame” eller “ikkje riktige”. Som venta er det yngre informantane mindre positive til det som Sollid kallar for dialektsetningar. Ho gjev følgjande samandrag av utviklinga (s. 205):

Datamaterialet viser at de fire aldersgruppene viser en utjamningsprosess. Utjamminga skjer både hos enkeltindividene og i samfunnet som sådan. De fire setningstypene på spørrelista ser ut til å forsvinne som språklig alternativ. Forklaringa av hvorfor denne utjamminga skjer, er at det skjer et skifte i hvilke språklige erfaringer de enkelte informantene har. På den ene sida blir erfaringer med kvensk færre, mens erfaringene med norsk blir flere.

I kapittel 9, som har overskrifta *Strukturell analyse*, går forfattaren nærare inn på dei undersøkte setningane. Målet er for det fyrste å finna ut i kva grad informantane oppfattar konstruksjonane som ein del av dialekten. I eit neste steg håpar ho at analysen kan vera med på å avgjera om setningstypane er produktive, eller om dei er stivna uttrykk. Dersom setningane er produktive, forventar Sollid at mindre strukturelle uliksappar mellom versetningar i ei setningsgruppe ikkje skal innverka nemneverdig på grammatikalitetsvurderingane til informantane (s. 206). Resultata ho kjem fram til, svarer til forventinga hennar. Ho seier at kompleksiteten til lekkane i dei fleste tilfelle ikkje har verka inn på omdøminga til informantane (s. 258). Forfattaren konkluderer med at alle dei fire setningstypane er ein del av dialektsyntaksen i Sappen (s. 261). I same kapittel får vi òg eit oversyn over ytterlegare “transfertrekk” i dialekten til dei yngre informantane. I tillegg til syntaks er døma henta frå fonologi, leksikon og morfologi.

Del 4 er siste delen i avhandlinga. Her får vi ei tolking av resultata og ei oppsummering over prosjektet. Eg har allereie vore inne på dei viktigaste konklusjonane til Sollid. Ho argumenterer for at den nye dialekten i Sappen i danningfasen har både kvensk og norsk som eit grammatisk grunnlag (s. 264). Vidare hevdar ho at dialekten i dag er ein utjamna dialekt ut frå eit syntaktisk perspektiv (s. 265). Til slutt tek ho og opp spørsmålet om kvifor nokre transferfenomen overlever, medan andre ikkje gjer det. I følgje henne heng det saman med at språkbrukarane får stadig meir tilgang til norske primærdata og språknormer, medan det skortar på røynslar med det kvenske språket. Dei nordnorske språkkontaktialektane har lenge vore nedvurderte på grunn av transferfenomena. Sollid framhevar at slike trekk er heilt vanleg i andrespråksinnlæring, og at ein ved å bruke teoriar om språkdanning og språkinnlæring kan avmystifisera fenomenene (s. 280).

Ovanfor har eg prøvd å gje att innhald og disposisjon i avhandlinga til Sollid. Det har vonleg kome fram at arbeidet som heilskap er solid strukturert og konsekvent gjennomført. Resten av meldinga skal eg nytta til å ta opp nokre problematiske punkt ved doktorgradsprosjektet.

4 Tilhøvet mellom teori, empiri og tolking

Mi fyrste store innvending gjeld tilhøvet mellom den teoretiske drøftinga og det empiriske datagrunnlaget. Spørjelistene som vert brukte i undersøkinga er baserte på eit noko spinkelt autentisk materiale. Sollid sjølv har observert i alt 30 døme på dei granska konstruksjonane frå autentisk tale (s. 154). Utover det refererer ho til tidlegare forskning. Døma kan klassifiserast i fire setningsstypar (sjå (1)–(4) ovanfor). Eg er klår over at det er vanskeleg å utforska dialektysyntaktiske konstruksjonar ut frå autentisk materiale. Likevel tykkjer eg at fire setningsstypar er for lite til å kunna dra fundererte slutningar om så vidfernande prosessar som eit språkskifte og oppkomsten av ein ny språkvarietet. Empirigrunnlaget vert ytterlegare svekt ved at nokre av dei autentiske døma er svært lågfrekvente og vert oppfatta som nokså perifere i spørjeundersøkinga. Rett nok nemner Sollid og andre særtrekk ved fonologien, leksikonet og morfologien (kap. 7.5 og 9.9), men ho gjev ikkje nokon systematisk analyse.

Det tynne datamateriale står i sterk kontrast til dei fylldige teoretiske utgreiingane. Forfattaren syner at ho har sett seg godt inn i den teoretiske problematikken kring kreolspråk, andrespråksinnlæring og språkending. Ho diskuterer ei rekke teoriar for å finna ut om dei høver til å forklara språksituasjonen i Sappen. Resonnementa hennar er som regel vel gjennomtenkte og verkar rimelege. Vi kan godt tenkje oss at språkskiftet og utjamningsprosessen i Sappen har gått føre seg på denne måten, men eg stiller meg tvilande til at ein ut frå dei få presenterte dataa kan slutta til dei generaliseringane som forfattaren gjev uttrykk for. Eg kan derimot sjå føre meg at dei syntaktiske konstruksjonane eventuelt kan sto ei større gransking av den aktuelle dialekten. Men i avhandlinga som ho ligg føre, er det skeivskap mellom teori og empiri.

No er det kanskje på sin plass å venda attende til dei to overordna problemstillingane (sjå (5) og (6) ovanfor). Sollid påstår ikkje at dei undersøkte setningstypene danar eit tilstrekkeleg grunnlag for å kunna dokumentera dei nemnde prosessane. Det ho faktisk er ute etter, er å finna fram til på kva måte dei teoriane ho har valt ut, kan gjera nytte for seg når ho skal gjera greie for korleis dialekten i Sappen har vorte til og har utvikla seg. Etter mi meining er dei to problemstillingane litt uheldig formulerte. Dei tek for gjeve ei rad premissar som ved nøgnare gransking ikkje er heilt uproblematiske. Den fyrste problemstillinga (5) går m.a. ut frå at det faktisk finst syntaktiske trekk frå kvensk i den norske dialekten i Sappen (s. 2). Den andre problemstillinga går ut frå at dei syntaktiske trekk som er nemnde i den fyrste problemstillinga, har vorte utjamna. No kan ein sjølvsgatta til mot-

mæle og seia at det er opplagt at dei aktuelle konstruksjonane er påverka av det opphavlege morsmålet til dei som lærte seg norsk. Rett nok peiker Sollid heilt i byrjinga (s. 1) på at ho vil dokumentera at dei syntaktiske konstruksjonane *truleg* er resultat av innverknad frå kvensk. Eg hevdar endå at det er problematisk at det allereie ligg ei tolking i problemstillinga. Dersom ein ynskjer å vera meir implisitt, bør ein heller formulera problematikken i form av ein hypotese. For meg ville det ha vore meir nærliggjande med ei problemstilling som tek utgangspunkt i *om* den aktuelle dialekten har trekk frå kvensk, *kvifor* han har det, og *korleis* dei har oppstått og utvikla seg.

Eit anna lyte ved avhandlinga, som heng i hop med problemstillinga, er tilhøvet mellom drøfting og tolking. Etter mi vurdering glir drøfting og tolking over i kvarandre fleire stader i avhandlinga. Særleg gjeld dette i kapittel 4, som presenterer det teoretiske rammeverket. Her ville eg ha venta at forfattaren presenterer dei teoriane som ho har peikt ut i innleiinga. Det ho derimot gjer, er at ho grunnlegg kvifor nokre av teoriane høver til å analysera dialekten i Sappen. Nokre stader kjem ho jamvel med klare konklusjonar, som når ho t.d. seier at ein "teori om utjamning kan forklare stabiliseringsprosessen i dialekten" (s. 76). Eg synest det er merkeleg at ein allereie i teorikapitlet, dvs. før ein har drøfta dei undersøkte dataa, kan koma med slike tolkingar. Sjølve analysen fungerer då berre som ein slags ytterlegare illustrasjon på dei teoriane ein har valt. Det kan godt tenkjast at det finst ei medveten mening bak eit slikt oppsett, men på meg verkar det ikkje stringent. Eg kan ikkje sjå anna enn at dei to problemstillingane byggjer på minst to hypotesar, og dei kan ein etter vanleg viskappleig prosedyre få stadfesta eller avsanna før ein har testa dei mot dei empiriske dataa.

5 Grammatisk handsaming og argumentasjon

Lat oss endå dryga litt i same kapittel (kap. 4). Sollid følgjer opp kritikken mot junggrammatisk og strukturalistisk forskning på språkending (s. 73f.). Denne kritikken vart sett fram på 1960-talet, og han går ut på at tidlegare forskning har vore for mykje oppteken av språkinterne faktorar. I staden legg kritikarane fram ein meir sosiolingvistisk og kognitivt innretta teori som tek omsyn til den språklege variasjonen som finst i språket til den enkelte personen og mellom språkbrukarar i eit språksamfunn (s. 73). Eg er samd i at det er naudsynt å trekkja inn desse aspektane når ein skal skildra språkendingar i kontaktsituasjonar, og eg tykkjer at Sollid gjer fint greie for korleis språkendingssprossar kan gå føre seg på individnivå. Likevel gjer den teoretiske vinklinga hennar at dei språkekssterne og kognitive sidene skyggjer litt for dei språklege aspektane ved problematikken.

I nokre tilfelle kan det vera vanskeleg å påvisa om ei aktuell språkending er kontaktbasert. Thomason (2001: 93f.) listar opp seks punkt som skal kunna hjelpa ein med å klargjera om eit gjeve fenomen har utspring i ein språkkontaktsituasjon. Alle punkta hennar er ikkje like relevante for føreliggjande problemstilling. Med utgangspunkt i hennar oversyn vil eg setja fram følgjande språklege omstende som eg ser på som sentrale i drøftinga av språksituasjonen i Sappen:

- (7) Kva for språk er involverte i kontaktsituasjonen?
- (8) Kva for syntaktiske konstruksjonar finn vi i desse språka før, under og etter språkskiftet?
- (9) Kva relasjon har språka til kvarandre før, under og eventuelt etter språkskiftet?

Sollid er innom alle desse spørsmåla, men svara ho gjev, er ikkje alltid like tilfredsstillende. Når det gjeld punkt (7), vert det ikkje heilt klart kva for språkvarietetar vi har å gjera med i den tidlegaste fasen av språkkontakt. Det opplagte svaret er sjølvsgatt norsk og

kvensk. Forfattere seier at fleire språk er involverte i kontaktprosessen. Ho seier at nokre av informantane har kunnskapar i både kvensk og samisk, i tillegg til norsk (s. 111). Det er ikkje lett å gjera greite for språktilhøva i byrjinga av skifteprosessen i eit fleispråkleg område som Nord-Noreg. Likevel kunne eg ha ynskt meg at Sollid hadde vore litt meir eksplisitt og strukturert i omtalen av vedkomande språk. Kva gjeld kvensk, stør ho seg på nokre referansegrammatikkar i standardfinsk (s. 148–54). Ho grunnlegg valet med at det ikkje finst nemneverdige syntaktiske skilnader mellom kvensk og standardfinsk (s. 148). Argumentet framstår derimot ikkje veldig overtydande når vi litt seinare (s. 164) får veta at ein kvensk informant frå Bugøynes ikkje godtek lekkekjefølgja i den eine av dei fire setningstypene i finsk omsetjing (jf. punkt (8) ovanfor). Den uklare avgrensinga mellom finsk og kvensk vert òg atterspegla i den inkonsekvente bruken av termene finsk og kvensk (sjå t.d. s. 78, 119, 137, 148). Eg skal her følgja opp den kritikken som Sandøy ytra i si melding av ei anna avhandling (Sandøy 1981: 233): “Ved studiar av ‘blandspråk’ er det heilt vesentlig å kjenne til både grammatikken som er utgangspunktet, og grammatikken som er det endelige målet [...]”. Eg får ikkje større tiltru til dei språklege drøftingane i avhandlinga til Sollid når det finst feil i seks av dei åtte omsetjingane til finsk (s. 149f.). Ein meir alvorleg implikasjon som dei vartande språkkunnskapane fører med seg, er at dei ligg til grunn for utvalet av dei undersøkte setningstypene i spørjelista (s. 148).

Målet er å utforske setningstyper som finnes i talespråket til *Fredrik* og andre i hans generasjon på grunn av møtet mellom kvensk og norsk. For å velge disse setningstypene har jeg derfor lagt vekt på en enkel kontrastiv analyse av norsk og finsk. Denne kontrastive analysen gir grunnlag for å vurdere om trekket i den norske dialekten virkelig er transfer fra kvensk på grunn av mellomspråklige identifikasjoner.

Eg tvilar på at den analysen forfattere har gjort, held mål. Ho vel m.a. ein passivkonstruksjon med uvanleg plassering av agenslekken. Av denne typen har ho notert eitt døme frå autentisk tale, og ho seier at han ikkje er dokumentert i tidlegare forskning (s. 154). Seinare i avhandlinga (s. 242) opplyser Sollid òg at fleire informantar har vanskeleg for å skjøna at agenslekken er ein sjølvstendig lekk i desse setningane. I dømet *Den gamle bilen av den gode naboen blei kjørt i garasjen i går* oppfattar heimelsfolka preposisjonsfrasen som ein postmodifikator til substantivfrasen *den gamle bilen*. Setninga vert då gjerne gjort om til *Den gamle bilen til den gode naboen min blei kjørt i garasjen i går*. (Sst.) Sjølv om forfattere vurderer om det autentiske dømet kan avfeiest som taleglepp (s. 276), tek ho setningstypen med i undersøkinga. Ho grunnlegg valet med at konstruksjonen liknar på den finske agenskonstruksjonen (s. 151f.). I finsk inngår derimot denne konstruksjonen i substantivfrasen i ei aktivsetning (jf. Hakulinen & Karlsson 1995: 375f.). I ei vanleg finsk passivsetning finst det ikkje nokon agenslekk i det heile teke. Grunnen til at eg tek opp dette momentet, er at det autentiske materialet til Sollid faktisk inneheld fleire døme på syntaktiske konstruksjonar som minner svært mykje om tilsvarande setningsbygning i finsk, men som Sollid altså ikkje har valt å ta med. I norsk grammatikk kallast konstruksjonen indirekte spørjesetning. Eit typisk døme frå undersøkingsmaterialet er (10) nedanfor (s. 144; Sollids nummerering etter dømet):

(10) e husk-ikke va det niåstøtti (49)

Den avhengige spørjesetninga vert her innleidd utan spørjeordet *om*. Også i finsk vel ein same metoden for å uttrykkja eit indirekte spørsmål (jf. Hakulinen & Karlsson 1995: 284f.). Jamfør (11) som er ei omsetjing av (10) til finsk:

(11) en ikkje, 1. pers. sg. muusta, hugsa, nektingsform (pres.) oli-ko vera, pret. 3. pers.-sg. sc seitsmännkymmennyhädeksän syttisju -spørsmålspartikkel


Eg hevdar difor at denne setningstypen ville ha høvd betre til nærare gransking. Ein annan ting er som sagt at heller ikkje lekkstillinga i setningstypen (2) vert godteken av den kvenske informanten frå Bugøynes. I standardfinsk ville ein, som i norsk, plassert objektet rett etter hovud verbet:

(12) isä ajot uude-lla auto-lla koulu-un
får køyra, pret. 3. pers.-sg. meidät oss, akk. ny-adesstv bil-adesstv skule-illativ

No er det rett nok berre snakk om to konstruksjonar, men når dei to setningstypene uigjer helvta av heile datagrunnlaget, tykkjer eg at kritikken er på sin plass.

Når det gjeld norsk, er svara på spørsmål (7) og (8) ovanfor, noko grundigare. Likevel klarer eg ikkje å gjera meg eit klårt bilete av den norske språkvarieteteten som har vore ein av deltakarane i språkbrytinga i Sappen. Sollid snakkar fleire stader om kva rolle tilgangen til norsk har hatt for opphavet og utviklinga av den nye dialekten, men det vert aldri riktig klårt kva slags norsk det til ei kvar tid har vore. Dei fleste opplysningane får vi i kapittel 3 som handlar om den demografiske utviklinga og dei sosiohistoriske tilhøva i Sappen. Vi får veta at den fyrste reinte norskspråklege familien etablerer seg i Sappen på 1910-talet (s. 49). Men litt lenger nede i Reisdalen slo dei fyrste nordmennene seg ned allereie i byrjinga av 1700-talet, om lag samtidig med kvenane, medan samane budde der frå før (s. 35). Vidare skriv Sollid at det på 1800-talet var vanleg at folk i Nordreisa kunne to eller fleire språk (s. 36). Sjølv om norsk var det offisielle språket, hadde kvensk ein sterk posisjon i uoffisielle samanhengar, og forfattere konkluderer med at kvensk vart nytta som eit interetnisk språk (sst.). Vi må gå ut frå at også dei kvenane som budde i Sappen, hadde kontakt med nordmennene i andre delar av Nordreisa. Når dei kvenskspråklege noko om segn får meir tilgang til norsk, er det i følgje Sollid to grupper som står sentralt. For det fyrste er det dei norskspråklege som bur på plassen og for det andre er det skuleverket (s. 37–47). Frå byrjinga av 1900-talet er det fyrst og fremst folk frå Midt-Noreg som slår seg ned i Nordreisa (s. 38). Dei fleste lærarane i Sappen snakka truleg ein eller annan nordnorsk dialekt (s. 39). Sollid seier at lærarane var viktige norskspråklege føredøme for dei kvenske elevane (s. 40), men på den andre sida slår ho fast at barna lærte seg eit bokspråk i skuletimane, som ikkje var gangbart utanom skulen (s. 41). Ut frå det som er sagt om kontakten mellom dei to folkegruppene frå 1700-talet til språkskiftet tek til i byrjinga av 1900-talet, hevdar eg at påverknaden ikkje berre har gått frå norsk til kvensk men òg frå kvensk til norsk, dvs. at språket til nordmennene i Nordreisa òg bar preg av kvensk. Eg kan ikkje tenkja meg at språkleg samkvem over lengre tid berre har innverknad på det eine av dei involverte språka. Dette er det viktig å vera klår over når ein drøftar korleis ein språken-dringsprosess går føre seg. Dei fleste teoriane er derimot nok så statiske og fokuserer einast på kjeldespråket (L1) og på målspråket (L2) i høve til den samfunnsgruppa som skiftar språk (jf. A og B i modellen etter Haugen i kap. 2 ovanfor). Ein vanleg modell som vert brukt til å illustrera utviklinga av nye varietetar i språkkontaktområde er gjeven att i (13) nedanfor. Modellen er henta frå Bull (1995: 18) og symboliserer utviklinga av den nye norske dialekten på Furuflaten (N1 → N2) under påverknad frå kvensk (F = finsk) og samisk (S). For meg er det litt av ein tankekross kva N1 står for. Er det den opphavlege nordnorske dialekten kvenane og samane kom i kontakt med, dvs. deiira fyrste målspråk? I så fall må modellen lesast slik at dei nordmennene som bur på staden, har same dialekten som kvenane og samane som skifta språk. Ei anna tolking er at det ikkje fanst etniske

nordmenn i bygda. Eg tvilar på at ei samfunnsgruppe kan tileigna seg eit nytt morsmål berre på grunnlag av skulebøker og gjennom massemedium frå storsamfunnet. Det er difor mest rimeleg å tolka figuren (13) slik at han heilt enkelt ser bort frå dei norskspråklege som har budd på staden. Eg sett difor i (14) fram ein modifisert modell, mynta på kontekstsituasjonen i Sappen, som tek omsyn til begge språkgruppene, nordmennene og kvene:



Det er relevant å veta kva slags norsk kveneane kom i kontakt med i Sappen. Grunnen til at eg tek opp spørsmålet om kva rolle norsk spelar i oppkomsten av den nye dialekten, er at det er rimeleg å rekna med at det òg i dei tradisjonelle nordnorske målføra finst finsk-ugriske substrattrekk (jf. t.d. Kusmenko & Riessler 2000). Sollid er såvidt inne på dette (sjå s. 2 og fotnote 47 på s. 77), men ho utdjuvar ikkje resonnementet. Etter mitt skjøen er dette momentet absolutt av interesse når ein skal forklara dei syntaktiske særdraga i både dei tradisjonelle og dei nye nordnorske dialektane. Her tenkjer eg framom alt på setningar med vantage inversjon (sjå (1) ovanfor). I einskilde dialektar i Nord-Noreg kan verbalet i spørjesetningar med spørjeord stå på tredje plass. Rekkjefølgja mellom subjekt og verbal er då den same som i ei forteiljande hovudsetning, nemleg SV. Det at ein i standardnorsk får verbflytting i spørjesetningar, kan sjåast på som eit markert fenomen. Når vi difor i den nye dialekten i Sappen finn V3-konstruksjonar i setningar med topikalisert adverbial på fyrste plass, kan vi godt tolka det som ei utviding av regelen som gjeld for plasseringa av verbalet i nordnorske forteiljande hovudsetningar og spørjesetningar med spørjeord. Med andre ord vel språkinlærarane ein umarkert (V3) framfor ein markert (V2) konstruksjon. I same lei peiker ein artikkel av Lorentz frå 1982 der han drøftar nokre grammatiske trekk hjå språkinlærarar i nordnorske språkkontaktområde, som gjerne vert sedde på som transfer frå samisk og/eller kvensk. Han konkluderer med at desse fenomenane like gjerne kan forklarast ut frå ein allmenn teori om språkinnlæring (Lorentz 1982: 145):

[D]esse utviklingane [kan] ofte forklarast ut frå ein allmen [sic:] strategi som alle menneske nyttar når dei lærer språk, nemleg først å prøve seg fram med så generelle reglar som mogleg, og seinare innføre umatak til reglane.

Eg held her med Lorentz og tykkjer at ei slik forklaring er meir overtydande enn Sollids freistnad på å relatere V3-konstruksjonen til kvensk. Sjølv omtalar Sollid problemet både når ho behandlar danningfasen (s. 161f.) og stabiliseringsfasen (s. 266f.), men ho går ikkje nærare inn på tankegangen.

6 Termbruk, metode og oppsett

Forfattaren argumenterer for å trekkja eit skilje mellom danningfasen og stabiliseringsfasen i utviklinga av den nye dialekten i Sappen (s. 1). Ho nyttar ulike teoriar til å skildra dei to fasane. Når det gjeld termbruken, greier ho diverre ikkje å halda dei to prosessane åtskilde. Ho introduserer termen *transfer* meir utførlig når ho drøftar danningfasen. Etter Sharwood Smith (1994: 13) meiner ein med *transfer* "the influence of the mother tongue

(L1) on the learner's performance in and/or development of a given target language". Sollid snakkar derimot òg om kvenske transfertrekk i språket til dei yngre informantane, sjølv om ingen av dei har kvensk som morsmål (jf. m.a. kap. 9.9). Eg hevdar at termen *substraat* passar betre for slike fenomen.

Det andre atterhaldet vedkjem nokre metodiske veikskapar i avhandlinga. Eg har aller-ete nemnt at nokre av døma i spørjelista ber utvilsamt preg av å vera konstruerte. Når dei i tillegg er laga ut frå ytst sjeldne og/eller lågfrekvente autentiske setningar, er dei ikkje grunn til å rekna dei som representative. Det kan snarare sjåast på som idiosynkratiske uttrykk eller endatil taleglepp. Sollid konkluderer likevel med at dei undersøkte konstruksjonane er ein del av dialektsyntaksen i dialekten i Sappen. Ho underbygger konklusjonane fyrst og fremst med den positive haldninga dei eldste informantane har overfor konstruksjonane. Som eg var inne på i kapittel 2, vurderer desse informantane setningane etter innhald snarare enn etter form (s. 173). Forfattaren stor seg i sin konklusjon òg på grammatikalitetsvurderingane til dei yngre informantane. Ho skriv at dei godtek dialektsetningane som ein del av dialektsyntaksen sjølv om dei ikkje sjølv brukar dei (s. 277). Eit spørsmål som trengjer seg på her, er om dei ikkje uttaler seg om ein grammatikk som ikkje er deira eigen.

Om dei formelle tilhøva ved avhandlinga har eg ikkje mykje å seia. Sollid har god språkføring og rettskriving. Ho skriv på ein flytande og lett skjønneleg måte. Dette gjeld særleg kapittel 3, som handlar om samfunnet i Sappen. Eg trur at nokre delar av dette arbeidet vil kunna gjera stor nytte for seg òg utanom dei akademiske faggrinsane. Skrivefeil vert det litt fleire av mot slutten, og i kapittel 7 går det litt i surr med kapitteinumereringa (s. 133f.).

7 Sluttord

I si doktorgradsavhandling skildrar Hilde Sollid korleis ein ny nordnorsk dialekt har oppstått og utvikla seg i møtet mellom norsk og kvensk i Sappen. Ho undersøker prosessen på grunnlag av eit utval av syntaktiske konstruksjonar som framstår som særigne for dialekten. Arbeidet tek mål av seg til å forklara oppkomsten og framvokstere av den nye språkvarieteteten med hjelp av teoriar frå språkinnlæring, kreolspråkforskning og språknormering. I denne meldinga har eg kome med ei rekke meir eller mindre alvorlege innvendingar til avhandlinga. Trass i desse atterhalda ynskjer eg å slå fast at prosjektet er gjennomført på skikkeleg vis. Eg er viss på at denne avhandlinga vil vera med på å auka refleksjon og medvit kring dei fleirkulturelle tilhøva på Nordkalotten.

Note

- 1 Eg har sett termen i hermeteikn av di eg tykkjer han ikkje er passende i denne samanhengen. Jamfør min kritikk i kapittel 6 nedanfor.

Litteratur

- Almenningen, Olaf m. fl., red. 2002. *Språk og samfunn gjennom tusen år. Ei norsk språkhistorie*. 6. utgåve. Oslo: Universitetsforlaget.
- Bull, Tove. 1994. "Språkskifte og språkbevaring blant norske kystsamar." I: *Dialektkontakt, språkkontakt och språkförändring i Norden*, utg. Ulla-Brit Kotsinas & John Helgander, 129–139. Stockholm: Institutionen för nordiska språk, Stockholms universitet.
- . 1995. "Language contact leading to language change: The case of Northern Norway." I: *Linguistic Change under Contact Conditions*, ed. Jacek Fisiak, 15–34. Berlin & New York: Mouton de Gruyter.

- Hakulinen, Auli & Fred Karlsson. 1995. *Nyky-suomen lauseoppi*. 3. painos. Helsinki: SKS.
- Haugen, Einar. 1953. *The Norwegian Language in America. A study in bilingual behaviour*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Huss, Leena. 1999. *Reversing Language Shift in the Far North. Linguistic Revitalization in Northern Scandinavia and Finland*. Uppsala: Acta Universitatis Upsaliensis.
- Hyltenstam, Kenneth & Christopher Stroud. 1991. *Språkbyte och språkbevarande. Om samiskan och andra minoritetsspråk*. Lund: Studentlitteratur.
- Jahr, Ernst Håkon. 1997. "Language Contact in Northern Europe, Norway." I: *Contact Linguistics. An International Handbook of Contemporary Research*, vol. 2, eds. Hans Goebel et al., 937–48. Berlin & New York: Walter de Gruyter.
- Kusmenko, Jurij & Michael Riessler. 2000. "Traces of Sámi-Scandinavian Contact in Scandinavian Dialects." I: *Languages in Contact*, ed. D.G. Gilbers et al., 209–24. Amsterdam & Atlanta: Rodopi.
- Lorentz, Ove. 1982. "Verknader av fleirspråklegheit på språket og språkbrukaren." I: *Nordnorsk. Språkarv og språkførhold i Nord-Noreg*, red. Tove Bull & Kjellaug Jetne, 134–55. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Thomason, Sarah G. 2001. *Language Contact*. Edinburgh: Edinburgh University Press.
- Røynealand, Unn. 2003. "Språk- og dialektkontakt." I: *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*, red. Brit Mæhlum m.fl., 44–69. Oslo: Cappelen.
- Sandøy, Helge. 1981. "Kerstin Nordenstam: *Svenskan i Norge. Språklig variation hos svenska invandrare i Bergen*." *Maal og Minne* 1981: 229–38.
- . 1994. "Talesyntaks og dialektsyntaks." I: *Helsing til Lars Vassenden på 70-årsdagen*, red. Johan Mykling m.fl., 195–206. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- Sharwood Smith, Michael. 1994. *Second Language Learning. Theoretical Foundations*. London & New York: Longman.

Philipp Conzett
 Universitetet i Tromsø
 Institutt for språkvitenskap
 NO-9037 Tromsø
 conzett@student.uit.no